

Kulturloftet i det blå

■ Lite håp om å redusere ventelistene til kulturskulane

KULTUR: I «Kulturloftet II» frå Trond Giske, var kulturskuletilbod til alle born høgste prioritet. Men pengane lét vente på seg.

KATRINE SELE tekst og foto

SAKA

■ Dei unge strøymer til kulturskulane. Hundrevis av born i fylket står på venteliste for å få plass

Per i dag står kring 30 000 born på venteliste til kulturskulane på landsbasis. Ein del opplever å måtte vente i fleire år før dei kjem inn, særleg innan musikkfeltet.

– Kulturskuleloftet var frå starten å rekne som eit spytt i havet, ikkje eit løft. No kan til og med dette vesle løftet bli pulverisert, seier Edvin Eriksen, kulturskulekonsulent for Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Mange må kutte

I Kulturloftet II, lagt fram i august 2009, skriv regjeringa at alle born som ønskjer det skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet og til ein rimeleg pris. Dåverande kulturminister, Trond Giske, sette av 40 millionar i øymerkte stimuleringsmidlar.

Desse skulle delast ut i 2010, men enno har ikkje kulturskulane sett snurten av pengane. Eit statleg oppnemnd kulturskuleutval har jobba i månadsvis for å utarbeide kriterium for korleis



VENTAR OG VENTAR: Jannike Kathrin Solheim (10) har stått på venteliste i over eitt år for å få spele piano, og veit heller ikkje om ho får plass til hausten. Medan Torje Einen (18) har hatt plass på Hyllestad og Fjaler Kulturskule sidan ho var lita: – Det har betydgd enormt. Musikken har blitt ein del av meg, seier ho.

desse midlane skal fordelast.

– Vi i kulturskulane tenkte at no skulle vi endeleg få bukt med ventelistene. Men undervegs har det vore snakk om at andre organisasjonar for barn og unge, til dømes speidaren, også skal kunne søkje frå desse midlane. SV er mest interessert i å pumpe det inn i SFO. I så fall blir det ingenting igjen av løftet, seier Eriksen.

I mellomtida slit mange kulturskular i motbakke. I fleire kommunar har det vore kutt på 30–40 % av aktiviteten, fortel Eriksen.

– Må heve statusen

40 millionar kroner fordelt på 400 kommunar – om det blir spreidd likt – vil gje om lag ein halv undervisningsplass ekstra i

året per kommune. Dermed vil heller ikkje dette monne mykje, om pengane faktisk kjem. Som Firda skreiv onsdag, har enkelte kommunar mellom 100 og 200 på venteliste.

– Vi må heve statusen til kulturskulen. Dette er noko av det aller viktigaste kommunane driv på med, seier fylkesordførar Nils R. Sandal, som sjølv sit i kulturskulerådet for fylket.

Fram til 2003, vart dei finansierte av øymerkte statlege overføringar. Sidan tok kommunane over heile finansieringa, og mange kutta kraftig i tilbodet. Solund kutta heile tilbodet, og har såleis brote kulturskulelova i alle år sidan då.

– Lova om å ha eit tilbod, er vel og bra, men vi må ha ei forskrift som regulerer innhald

og pris, seier Eriksen. I dag varierer tilbodet sterkt frå kommune til kommune. Gaular har 17 elevar i kulturskule, medan Hyllestad og Fjaler har 250. Sistnemnde kulturskule kjempar no for å heve budsjettet, som har stått på staden kvil i årevis –

noko som betyr ein reell nedgang.

– Det er vanskeleg å sjå korleis vi skal finne rom for å auke. Då må det gå utover noko anna, seier ordførar i Fjaler, Arve Helle.

katrine.sele@firda.no

77 Vi må heve statusen til kulturskulen. Dette er noko av det aller viktigaste kommunane driv på med

Nils R. Sandal, fylkesordførar

Har brukt ti år på å sende brev

GAULAR: – Skal kommunen berre ta det den treng, utan å gjere opp for seg, spør grunneigarar som i ti år har venta på svar frå kommunen.

SISSEL IREN SKJERDAL tekst

– I over ti år har vi etterlyst ein avtale for grunnen til reinseanlegget ved noverande Bygstad skule, skriv Bodil og Asbjørn Aase i eit brev til kommunen.

Då arbeidet vart sett i gang, var det semje mellom grunneigarane og dåverande ordførar Per Kjelstad om at avtalen skulle settast opp i etterkant. Det er denne

avtalen grunneigarane no etterlyser.

– Uhøfleg og arrogant

Grunneigarane reagerer sterkt på at kommunen ikkje har svart på breva.

– All den tid vi aldri har teke imot eit einaste svar, sit vi att med litt andre spørsmål. Meiner Gaular kommune at vi ikkje har noko rettcome krav? Skal kommunen berre ta det den treng, utan å gjere opp for seg? Det er uhøfleg, ja bortimot arrogant av ein offentlig institusjon å ikkje ein gong svare oss, skriv dei.

– Det er rett og slett kapasiteten som gjer det, seier rådmann i

Gaular, Helge Følid om bakgrunnen til manglande respons frå kommunen.

– Vi beklagar

– Men ti år er lang tid?

– Det er klart at det er lang tid, men det er dessverre slik at vi ikkje har fått ordna opp i det. Vi beklagar at det har gått så lang tid, seier Følid, og legg til at brevet med svar til Aase vart postlagt i går.

– Vi håper sjølvsagt at vi skal få ordna opp i saka, seier Følid, som både ser kjøp eller leige av tomta som moglege alternativ.

sissel.iren.skjerdal@firda.no

BAGORAMA 1/2 pris
på en mengde varer.
Kom innom for masse gode tilbud!

GUESS Veske Før 1499,-
Nå 999,-

Finner i svart, hvit, rosa & beige

Lommebok Før 499,-
Nå 299,-

Hjulbag Før 399,-
Nå 199,-

Samsønitte
Aeris Spinner
Finnes i sort, rosa, rosa & turkis
Frå 1299,-

Hjulbag Før 1195,-
Nå 599,-

Nextal
Sekk på hjul Før 995,-
Nå 449,-

Bag Før 399,-
Nå 199,-

BAGORAMA
Førde, Tel: 57 82 39 11